



Hugs parolen som Hobbyklubben formidla sist haust!

Hobbyklubben gjer kvart år ein storinnsats for bruk av refleks i Uskedalen, men mykje tyder på at det ikkje er nok med ein aksjon.

Kjell Yri har i dag hatt ei negativ oppleving og skriv slik til oss:

'I dag køyrde eg gjennom Uskedal sentrum klokka 06.15. Det var framleis mørkt og det var ei kraftig regnbyge. Mellom Uskedal bru og Korsneset var det fleire mørkkledde ungdommar på veg til skulebussen.

Eg såg ikkje ein med refleks! Når så desse mørkkledde og reflekslause kryssar vegen rett framfor bilar, er det slett ikkje kjekt å vera sjåfør.

Dette er unødvendige og farlege situasjonar. Foreldra må forklara og læra borna sine kor viktig det er med refleks. Dette for å visa at borna er det kjæraste vi har.'